

Norges Vassdrags og Energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Att: Ingrid Haug

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
				Kjell J. Kvamme	19.12.2012

## Tilbakemelding på høyringsuttaler til Jølstra Kraftverk

Viser til mottatt e-post der de ber om kommentar til innsendte høyringsuttaler til prosjektet Jølstra Kraftverk.

### Lokal verdiskaping – Uttale frå Advokat Lund og Co på vegne av grunneigarane i Jølster

Uttalen er i sin heilheit et partsinnlegg med omsyn til kven som bør få konsesjon, Sunnfjord Energi eller Fjellkraft. Uttalen inneheld ikkje noko om utredningsprogrammet ut over kravet om at Sunnfjord Energi AS må utgreie konsekvensar for lokal verdiskaping. Dette eit punkt som er med i standardprogrammet til NVE og vil bli utgreia.

I tillegg presiserer Adv. Larsen at det er 37 grunneigarar, ikkje 27. Det vi har skrive i meldinga er at det er 27 eigedomar som er riktig. Hjemmelshavarar til desse eigedommane og rettane er 39 private grunneigarar i tillegg til Mo Jordbrukskule og Sunnfjord Energi AS. Det pågår ein ankeprosess knytt til jordskiftet mellom tre private, til denne eigedommen har vi berre telt ein grunneigar i denne omgang. Avhengig av endeleg avgjersle vil det vere om lag 40 hjemmelshavarar i prosjektet.

### Miljø og friluftsliv – Uttale frå Fylkesmannen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Naturvernforbundet

Både fylkeskommunen og fylkesmannen tar opp viktige spørsmål knytta til konsekvensar for miljø og friluftsliv. Dette meiner vi er dekkja inn av det programmet som er føreslått.

### Utgreie Tongahølen til Vassenden – Uttale frå Jølster kommune og Roy Stian Farsund og Morten Årset

Sunnfjord Energi AS starta med moglegheitsstudiar for utnytting av fallet mellom Vassenden og Movatnet for snart ti år sia. I 2008-2010 jobba ein med avklaringar med myndigheitene i forhold til Samla plan og det blei søkt om fritak for eit prosjekt frå Tongahølen til Movatnet. Norges Vassdrags og Energidirektorat og Direktoratet for Naturforvaltning gav i 2011 sin tilsegn til slikt fritak. Det meldte prosjektet til Sunnfjord Energi AS er i samsvar med dette.

Fritaket er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan da helder ikkje ankast. Vi ser det da ikkje føremålstenleg å ta dette spørsmålet opp til ny vurdering dersom det skal vere eit mål at prosjektet skal vere ein del av regjeringa sitt fornybarmål for 2020.



**Rafting og elvepadling – Uttale frå Jølster Rafting, Norges Padleforbund, Voss Padleklubb, m.f.**

I dei innkomne høyringane påpeikar fleire at vi i meldingsfasen påstår at forholda vil bli betre. Konsekvensane vil bli undersøkt og dokumentert av utreiarane i konsekvensutgreiinga. Vi beklagar denne formuleringa i meldinga som vi i ettertid ser var uheldig og kan gi inntrykk av at vi har konkludert før undersøkingane er utført, noko som sjølvstøtt ikkje er riktig.

**Yngelutsetting i Movatnet – Uttale frå Førde Elveeigarlag**

Som nemnt i høyringa frå Førde Elveeigarlag var det lange prosessar etter at Brulandsfossen Kraftverk vart sett i drift på slutten av 1980-tallet. Sunnfjord Energi AS gjort mange tiltak for å ivareta forholda for laks. I samarbeid med elveeigarane kultiverer ein elva og driv med utsetting av yngel. Gjennom 20 år har selskapet opparbeida mykje kompetanse om Jølstra og vi vil jobbe seriøst med denne problemstillinga i vårt vidare arbeid med prosjektet og som ansvarsbevisst regulant i vassdraget.

**Oppsummering**

Etter ein samla gjennomgang av innkomne høyringar har vi gjort nokon endringar i innsendt melding om planar om kraftutbygging i Jølstra.

1. I avsnitt 6.2 Eigedomforhold, har vi presisert at det er 27 eigedomar med 40 grunneigarar.
2. I avsnitt 10.13.7 Reiseliv og 11.14.7 Reiseliv har vi valt å endre ordlyden som handlar om forholda for rafting-aktivitet.

Ut over dette meiner vi at det føreslåtte KU-programmet vil utgreie dei forholda som er tatt opp i høyringsuttalane og vil bli besvart i konsesjonssøknaden.

Beste helsing  
for **Sunnfjord Energi AS**



**Kjell Johnny Kvamme**

Prosjektleder Jølstra Kraftverk

Mobil: +47 959 89 033

Kontor: +47 57 72 23 77

E-post: [kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no](mailto:kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no)

Vedlegg: Oppdatert Førehandsmelding om utbyggingsplanar i Jølstra  
Kopi: